



PANDEMIPLAN FOR VIDAREGÅANDE SKULAR I VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Avdeling for opplæring og kompetanse

2023

Innhald

Innleiing	2
Kva er ein pandemi?	2
Kor farleg er pandemisk influensa?	2
Kven vil vere utsett?	2
Organisering av pandemiberedskap i Noreg	2
Planlegging for kontinuitet i sektoren og ved einingane	3
Identifisere kritiske funksjonar	3
Minimere og prioritere.....	3
Identifisere medarbeidarar	3
Identifisere andre kritiske ressursar.....	4
Identifisere kritiske grupper (elevar, tilsette, andre).....	4
Moglege tiltak ved ein pandemi	4
Reduser risikoen for smittespreiing på arbeidsplassen.....	4
Legg til rette for nettundervisning	4
Legg til rette for fjernarbeid	4
Tiltak som sikrar leveranse frå eksterne eller gjer ein uavhengig av eksterne leverandørar	5
Informasjonsberedskap ved pandemi	5
Ein krisekommunikasjonsplan bør ha følgjande element:.....	5
Vedlegg: Mal beredskapsplan Pandemi	6

RUTINAR VED PANDEMIAR ELLER VARSLING OM PANDEMIAR

Innleiing

Kva er ein pandemi?

Folkehelseinstituttet definerer pandemi slik:

«En pandemi er et sykdomsutbrudd som rammer svært mange mennesker og sprer seg over store deler av verden. Begrepet brukes hovedsakelig om infeksjonssykdommer. Det er gjennom historien beskrevet en rekke pandemier av ulikt omfang, alvorlighetsgrad og varighet.» FHI.no

Kor farleg er pandemisk influensa?

Ein kan ikkje seie på førehand kor alvorleg ein ny pandemi vil bli. Det er avhengig av eigenskapane til viruset.

Om vinteren blir ofte rundt 5-10 prosent av befolkninga sjuke av sesonginfluensa. Truleg vil langt fleire bli ramma av pandemisk influensa enn vanleg sesonginfluensa.

Ved pandemisk influensa kan eit scenario i verste fall vere at halvparten av befolkninga bli smitta. Inntil 25 prosent kan bli sjuke og sengeliggjande, og blir truleg fleire dødsfall enn ved sesonginfluensa.

Helsetenestene vil stå overfor eit langt sterkare press enn til vanleg, og kapasiteten kan i verste fall vere truga. Det er særleg viktig å vurdere og setje i verk tiltak som kan redusere og avgrense smitte og dermed reduserer tal personar som blir råka på same tid. Gjennom dette sikrar ein best at helsehjelp er tilgjengeleg for dei som treng det.

Når det gjeld førebygging, smittereduksjon og mogleg sjukdomsforløp, er det særskilt viktig å halde seg oppdatert ved å følgje med på informasjon frå helsestyresmaktene.

Kven vil vere utsett?

Fordi dei færraste vil vere immune mot nye virus, er det sannsynleg at fleire kan bli sjuke enn ved sesonginfluensa.

Ved sesonginfluensa er nokre grupper meir utsette for å bli alvorleg sjuke og få komplikasjonar. Det er grunn til å tru at dette også vil gjelde ved ein pandemisk influensa.

Det vil vere vanskeleg å vite kva grupper som kan vere utsette når det oppstår nye virus som ein ikkje kjenner eigenskapane til. Tidlegare influensapandemiar har ramma forskjellige aldersgrupper ulikt.

Organisering av pandemiberedskap i Noreg

(Kjelde: DSB.)

«Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har det overordnede ansvaret for hele helsesektoren og for samordning av tiltak og informasjonshåndtering overfor andre departementer. Det innebærer et overordnet ansvar for beredskapsplanlegging, iverksetting og sentral koordinering av tiltak under en influensapandemi.» Helsedirektoratet

Helsedirektoratet (Hdir) har ansvaret for å gi faglege råd til helse- og sosialtenestene og HOD, mellom anna innanfor områda helse- og sosialberedskap. Direktoratet forvaltar lov om helsemessig og sosial beredskap og har ansvar for smittevern og vide fullmakter til å treffe tiltak for å handtere ein allmennfarleg smittsam sjukdom.

Nasjonalt folkehelseinstitutt er nasjonalt smitteverninstitutt og nasjonal faginstans for smittevernberedskap. Folkehelseinstituttet skal overvake den nasjonale og internasjonale epidemiologiske situasjonen og sikre nødvendig vaksineforsyning og forsvarleg vaksineberedskap. Folkehelseinstituttet skal gi bistand, råd, rettleiing og informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege institusjonar om smittsame sjukdommar, smittevern og val av smitteverntiltak. Dei har i tillegg ansvar for å informere befolkninga.

Kommunehelsetenesta skal yte nødvendig helseteneste for alle som bur eller oppheld seg i ein kommune. Under ein influensapandemi, som i andre smittevernsituasjonar, har kommunen ansvaret for å handtere situasjonen lokalt. Kommunane skal gjennomføre nødvendige førebyggjande tiltak, samt sikre at personar som oppheld seg i kommunen, har tilbod om medisinske undersøkingar, behandling, pleie og omsorg.

Det er helsestyresmaktene i kommunen som kan avgjere om ein skule/rettleiingsteneste bør stengjast midlertidig som følgje av pandemi. Skuleeigar bør derfor rådføre seg med helsestyresmaktene i kommunen i desse spørsmåla.

Kommunehelsetenesta har plikt til å informere skulane dersom tilsette eller elevar får påvist smitte.

Planlegging for kontinuitet i sektoren og ved einingane

Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse ser det som viktig å planlegge for å kunne halde oppe tenestetilbodet ved ein pandemi.

Målet med planlegginga er å finne løysingar slik at verksemda kan halde drifta på eit akseptabelt nivå. Einingane skal utarbeide eigne planar som skal leggjast i kvalitetssystemet.

Einingane må i planen vurdere og seie noko om:

Identifisere kritiske funksjonar

- Vil det skje endringar i etterspurnaden etter tenestene våre.
- Lage liste over aktivitetar og leveransar som bør vidareførast på tross av stort personellfråvær. (Personellfråvær = dei som er borte frå jobb, truleg høgare tal enn sjukefråvær.) Kva krev desse oppgåvene av personalressursar.
- Identifisere kritiske funksjonar/arbeidsoppgåver. Funksjonar som må oppretthaldast utan redusert bemanning og med minimal ekstra tid.
- Er det funksjonar/arbeidsoppgåver som er særleg sårbare ved at berre nokre få medarbeidarar har naudsynt kompetanse.

Minimere og prioritere

- Når kritiske funksjonar er identifiserte, må det avgjerast kva for bemanning og andre ressursar som krevst for at dei funksjonane ein har identifisert, skal fungere under ein pandemi. Viktige spørsmål: Kor lågt bemanningsnivå kan ein tåle dersom ein skal oppretthalde dei kritiske funksjonane/arbeidsoppgåvene som er identifisert?
- Identifiser det lågaste nivået for andre ressursar som krevst for å oppretthalde dei kritiske funksjonane ein har identifisert.
- Lag liste over dei kritiske funksjonane i prioritert rekkefølge. Sjølv kritiske funksjonar kan ikkje alltid oppretthaldast på eit normalt nivå under ein pandemi.

Identifisere medarbeidarar

Gjennomgang av punkta over vil gi eit relativt godt bilde av minimumsnivået som må haldast under ein pandemi og kor mykje personell som krevst. Korleis vil det sjå ut ved 40% fråvær? Er det viktig å identifisere kva for kvalifikasjonar det er naudsynt å halde på i kritiske funksjonar?

- Kor avhengig er vi av spesialistkompetanse?
- Kan andre gå inn i oppgåvene?
- Kan ein gi minimumsopplæring på kort tid?
- Identifiser kritiske funksjonar som er avhengig av at nokre få personar med spesiell kompetanse er nødvendig for å ivareta funksjonen.
- Lag liste over stillingstypar som eininga ikkje kan vere utan.

Identifisere andre kritiske ressursar

Vurder om dei identifiserte kritiske funksjonane er avhengig av andre eksterne verksemder/funksjonar. (straum, transport, logistikk, systemleverandørar)

Identifisere kritiske grupper (elevar, tilsette, andre)

Einingane må så langt det er råd identifisere risikogrupper, blant elevar og tilsette. Ver spesielt merksam på elevar i tilrettelagd opplæring og evt. SFO.

- Skulen må ha oversikt over hybeladresse og føresette til elevar.
- Ha rask oppfølging av elevar som ikkje møter, og elevar med fråvær generelt.
- Skulen/rettleiingstenesta må samarbeide med kommunehelsetenesta og leiinga ved opplæring og kompetanse i spørsmål om pandemien.

Moglege tiltak ved ein pandemi

Følgje folkehelseinstituttet sine, til ein kvar tid, gjeldande reglar.

Reduser risikoen for smittespreiing på arbeidsplassen

- Høgt hygienivå (reingjering og handhygiene).
- God hoste- og nysekultur.
- Redusere omfang av fysisk kontakt.
- Auke bruk av t.d. telefon- og videomøte.
- Vurdere ekstra førebyggjande tiltak ved bruk av kantine, auditorium m.m.
- Eigedomssesksjonen følgjer opp plan for reinhald av utsette stader t.d. dørhandtak, kantine, kjøken m.m. inkludert auka omfang av reinhald.
- Vere heime dersom du er sjuk/har symptom.
- Ha personale til å dekke opp dei kritiske funksjonane.
- Vurdere om fleire bør få opplæring i kritiske arbeidsoppgåver.
- Halde prosedyrar og rutinar oppdaterte
- Vurdere omfordeling av oppgåver
- Vurdere samarbeid med andre einingar/bistå kvarandre
- Vurdere om overtid må brukast, ev. innhente personalressursar eksternt

Legg til rette for nettundervisning

- Utarbeide planar for kompetanse, utstyr og gjennomføring av nettundervisning (fylkesdirektør utarbeider eige skriv)
- Utarbeide periodeplanar for nettundervisning i fag (skulane)
- Kartleggje og vurdere behov for erstatning for undervisningstimar i fag som har falle bort

Legg til rette for fjernarbeid

Skular kan bli stengde, og som følgje av dette kan tilsette måtte vere heime. Det kan bli forseinking eller stopp i kollektivtransport slik at folk ikkje kjem seg på arbeid.

- Følgje fylkesdirektøren sine råd vedkommande heimekontor

- Ta med heim berbar pc, tenestemobil og utstyr som er nødvendig til t.d. nettundervisning, kvar dag
- Gjere arbeidstida meir fleksibel
- Vurdere om tilsette kan ta med friske born på arbeid (t.d. dersom barnehagar/barneskular blir stengde)

Tiltak som sikrar leveranse frå eksterne eller gjer ein uavhengig av eksterne leverandørar.

- Identifisere problem som kan oppstå dersom ein ikkje får trygga leveranse av kritiske aktivitetar/funksjonar/materiell/utstyr.
- Har leverandør kontinuitetsplan ved pandemi? (ansvar fylkesnivå)
- Kan ein inngå avtale med fleire leverandørar? (ansvar fylkesnivå)

Informasjonsberedskap ved pandemi

Ein krisekommunikasjonsplan bør ha følgjande element:

1. Beskriving av ansvar og funksjonar for informasjonseininga.
Matrise med namn og personar, samt stedfortredar for viktige funksjonar som sentralbord, personale, IKT og leiarar som har informasjonsoppgåver under krise.
2. Oversyn over prioriterte målgrupper (t.d. elevar/studentar/lærlingar, føresette, myndigheiter, samarbeidspartar, tilsette o.l.)
3. Sei noko om korleis ein skal informerer og kva ein skal informere om, både internt og eksternt (Informasjon skal vere korrekt, forståeleg, vesentleg og presis. Ver open om det ein veit og ikkje veit.)
4. Kva informasjonskanal som skal brukast (Hugs at informasjonen må tilpassast etter målgruppe og kanal)
5. Oversyn over krisescenario med ulike kommunikasjonsutfordringar (ansvar fylkesnivå)
6. Ferdig informasjonsmateriale - malar for logg, nyhendemelding m.m. (ansvar fylkesnivå)
7. Oversyn over teknisk utstyr.
8. Rutinar for oppdatering av planen.

Vedlegg: Mal beredskapsplan Pandemi

Ved varsel om mogeleg pandemi skal skulen syte for innhenting av opplysningar og utarbeiding av planar med omsyn til førebygging og lage plan for korleis skuleaktiviteten skal drivast.

Beredskapsleiinga ved skulen skal til ein kvar tid vere oppdatert på folkehelseinstituttet www.fhi.no, utdanningsdirektoratet www.udir.no, vertskommunen og Vestland fylkeskommune og andre aktuelle partar sine siste meldingar og nyhende.

Skulane skal rapportere dagleg til avdelingsdirektøren. (sjå eige skriv)

Beredskapsråd vedskule

Møtestad:

Deltakar	Namn	Telefon	E-post	Oppgåve
Rektor				

Viktige telefonnummer:

Kommunehelsetenesta	
Smittevernoverlege i kommunen	
Beredskapsansvarleg i kommunen	

Beredskapsråd avdeling for opplæring og kompetanse:

Møtestad: Vestlandshuset

Deltakar	Namn	Telefon	E-post	Oppgåve
Avdelingsdirektør	Bjørn Lyngedal Vara: ass. avdelingsdirektør Bekka Skaasheim	95033770 41530956	Bjorn.lyngedal@vlfk.no Bekka.skaasheim@vlfk.no	Leiar av beredskapsråd. pårørandekontakt
Aktuell områdeleiar	Rolf Årdal Vara: Odd Bjarne Berdal	91819546	Rolf.ardal@vlfk.no	Kontaktperson skule og rektor
	Odd-Bjarne Berdal Vara: Rolf Årdal	99233975	Odd.Berdal@vlfk.no	Kontaktperson skule og rektor
	Øyvind Oddekalv Vara: Hillevi Runshaug	91317450	oyvind.helland.oddekalv@vlfk.no	Kontaktperson skule og rektor
	Hillevi Runshaug Vara: Øyvind Oddekalv	48045397	Hillevi.Elizabeth.Runshaug@vlfk.no	Kontaktperson skule og rektor
Kommunikasjon	Birthe Haugen	90786784	Birthe.andersen.haugen@vlfk.no	Informasjon, kontakt med skyss/kringom m.fl.
IKT – skoleadm. System	Vibeke Nymo	99034544	Vibeke.nymo@vlfk.no	Skuleadministrativt system
	Roar Helleve Haugland	95487087	Roar.helleve.haugland@vlfk.no	Skuleadministrativt system
	Øivind Høines	99005647	Oivind.hoines@vlfk.no	Skuleadministrativt system - Systemforvalter

Skulane skal kontakte områdeleiar snarast når ein situasjon oppstår.

Skulane skal her gjere si eiga vurdering av status med omsyn til punkta under. Basert på status må tiltak identifiserast og prioriterte tiltak settast i verk.

1. Kritiske funksjonar i eininga (Sjå avsnitt identifisere kritiske funksjonar i eininga)
2. Minimere og prioritere (Sjå avsnitt minimere og prioritere)
3. Identifisere medarbeidarar (Sjå avsnitt identifisere medarbeidarar)
4. Identifisere andre kritiske ressursar (Sjå avsnitt identifisere andre kritiske ressursar)
5. I Identifisere kritiske grupper (elevar, tilsette andre) (Sjå avsnitt identifisere kritiske grupper)
6. Tiltak (Sjå avsnitt tiltak)